



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 985 231 931
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM
Forretningsadresse: Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lars Bjaadal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 26.02.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 19.03.2026



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	7	27 105 524	21 781 816
Sum inntekter		27 105 524	21 781 816
Kostnader			
Varekostnad		1 143 474	1 032 824
Lønnskostnad	2	16 181 620	13 966 598
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	401 228	243 020
Annen driftskostnad		8 679 371	7 165 630
Sum kostnader		26 405 692	22 408 072
Driftsresultat		699 832	-626 256
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		533 213	319 146
Annen finansinntekt			528
Sum finansinntekter		0	0
Annen rentekostnad		140 325	236 991
Annen finanskostnad		813	913
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		392 075	81 770
Resultat før skattekostnad		1 091 907	-544 486
Årsresultat		1 091 907	-544 486
Totalresultat		1 091 907	-544 486
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	6	1 091 907	-544 486
Sum overføringer og disponeringer		1 091 907	-544 486



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum immaterielle eiendeler		0	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	3 383 860	7 408 621
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	1 181 475	822 925
Sum varige driftsmidler		4 565 335	8 231 547
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	5 002	5 002
Andre fordringer		232 107	204 087
Sum finansielle anleggsmidler		237 109	209 089
Sum anleggsmidler		4 802 444	8 440 636
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		722 567	780 071
Sum varer		1 445 134	1 560 142
Fordringer			
Kundefordringer		440 717	326 043
Andre fordringer		1 296 320	1 206 117
Sum fordringer		1 737 037	1 532 160
Investeringer			
Sum investeringer		0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		12 247 377	11 020 039
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		12 247 377	11 020 039
Sum omløpsmidler		14 706 980	13 332 270



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
SUM EIENDELER		19 509 425	21 772 906
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Annen innskutt egenkapital		0	0
Sum innskutt egenkapital		212 000	212 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	12 809 489	11 783 737
Sum opptjent egenkapital		12 809 489	11 783 737
Sum egenkapital	6	13 021 489	11 995 737
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetninger for forpliktelser		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4		4 200 000
Sum annen langsiktig gjeld		0	4 200 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 055 031	930 200
Skyldige offentlige avgifter		819 232	753 804
Annen kortsiktig gjeld		4 613 673	3 893 165
Sum kortsiktig gjeld		6 487 936	5 577 169
Sum gjeld		6 487 936	9 777 169
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		19 509 425	21 772 906



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2025 320555

Enheten

Organisasjonsnummer: 985 231 931
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM
Forretningsadresse: Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lars Bjaadal
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 26.02.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 03.03.2025



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Annen driftsinntekt	7	27 105 524	21 781 816
Sum inntekter		27 105 524	21 781 816
Kostnader			
Varekostnad		1 143 474	1 032 824
Lønnskostnad	2	16 181 620	13 966 598
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	401 228	243 020
Annen driftskostnad		8 679 371	7 165 630
Sum kostnader		26 405 692	22 408 072
Driftsresultat		699 832	-626 256
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		533 213	319 146
Annen finansinntekt			528
Sum finansinntekter		0	0
Annen rentekostnad		140 325	236 991
Annen finanskostnad		813	913
Sum finanskostnader		0	0
Netto finans		392 075	81 770
Resultat før skattekostnad		1 091 907	-544 486
Årsresultat		1 091 907	-544 486
Totalresultat		1 091 907	-544 486
Overføringer og disponeringer			
Overføringer til/fra annen egenkapital	6	1 091 907	-544 486
Sum overføringer og disponeringer		1 091 907	-544 486



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Sum immaterielle eiendeler		0	0
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	3 383 860	7 408 621
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	3	1 181 475	822 925
Sum varige driftsmidler		4 565 335	8 231 547
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	3	5 002	5 002
Andre fordringer		232 107	204 087
Sum finansielle anleggsmidler		237 109	209 089
Sum anleggsmidler		4 802 444	8 440 636
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		722 567	780 071
Sum varer		1 445 134	1 560 142
Fordringer			
Kundefordringer		440 717	326 043
Andre fordringer		1 296 320	1 206 117
Sum fordringer		1 737 037	1 532 160
Investeringer			
Sum investeringer		0	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		12 247 377	11 020 039
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		12 247 377	11 020 039
Sum omløpsmidler		14 706 980	13 332 270
SUM EIENDELER		19 509 425	21 772 906

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD



Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Annen innskutt egenkapital		0	0
Sum innskutt egenkapital		212 000	212 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	12 809 489	11 783 737
Sum opptjent egenkapital		12 809 489	11 783 737
Sum egenkapital	6	13 021 489	11 995 737
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetninger for forpliktelses		0	0
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4		4 200 000
Sum annen langsiktig gjeld		0	4 200 000
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 055 031	930 200
Skyldige offentlige avgifter		819 232	753 804
Annen kortsiktig gjeld		4 613 673	3 893 165
Sum kortsiktig gjeld		6 487 936	5 577 169
Sum gjeld		6 487 936	9 777 169
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		19 509 425	21 772 906



Organisasjonsnr: 985 231 931
STIFTINGA VEST-TELEMARK MUSEUM

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

1

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven 1998. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder. I utgangspunktet er det reglene for regnskapsoppstilling for små foretak som er benyttet. Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld. Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifiseringen av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrives ikke til virkelig verdi som følge av renteendring. Enkelte poster er vurdert etter andre regler, og redegjøres for nedenfor. Varige driftsmidler Varige driftsmidler avskrives over forventet økonomisk levetid. Avskrivningene er som hovedregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid. Fordringer Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap. Skatter Skatter kostnadsføres når de påløper, det vil si at skattekostnaden er knyttet til det regnskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt) og endring i netto utsatt skatt. Skattekostnaden fordeles på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære poster i henhold til skattegrunnlaget. Utsatt skatt og utsatt skattefordel er presentert netto i balansen.

Note

1

Er det usikkerhet om fortsatt drift?: Nei

Note

Antall årsverk i regnskapsåret

14.00

Note

2



Spesifisering av resultatregnskapet

Lønnskostnader

<u>Sum</u>	<u>Beløp</u>
<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Varige driftsmidler Immaterielle eiend.</u>

Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Begrunnelse for at datterselskap er utelatt fra konsolideringen

<u>Samlet beløp - tilknyttet selskap</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
<u>Samlet beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
<u>Samlet beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
<u>Samlet beløp - felles kontrollert virksomhet</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
<u>Pantstillelse</u>		<u>Beløp</u>
<u>Beholdning av egne aksjer</u>	<u>Antall</u>	<u>Pålydende Andel av aksjek.</u>



Årsmelding og årsrekneskap
for
Stiftinga Vest-Telemark Museum

2024



Årsmelding 2024

Årsmelding for 2024

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Rapport vurdering måloppnåing

Hovudmål:

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar. Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

Korleis arbeide: trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår

Fornyng og utvikling. Vest-Telemark Museum skal arbeide for å styrke føresetnadane for vårt arbeid og ta ei aktiv rolle for utvikling av kunst- og kulturfeltet i regionen

Resultatmål årleg

- bidra til etablering av nytt regionalt kunstmuseum på Rauland innan 2026 med magasin og utstillingsareal etter faglege standardar
- etablere rådgjevingsteneste for bygningsvern for Telemark med varig driftsfinansiering frå 2024
- realisere Telemarksarkivet slik planlagt med to årsverk frå 2025
- auke besøksgrunnlaget og egne salsinntekter med 3 % innan 2025
- arbeide målretta med det grønne skiftet og redusere vårt klimaavtrykk med 5 % innan 2025

Vurdering av eiga måloppnåing

Vest-Telemark Museum har ei etablert museumsdrift, og arbeider i høve til planverk og etter dei kulturpolitiske føringar sett av stat, fylkeskommune og kommunar.

Nytt Rauland Kunstmuseum har framleis ikkje fått noko avklaring. Me er avhengige av at Vinje kommune bestemmer seg for å gå inn for prosjektet, men førebels er det andre

Årsmelding 2024

investeringar som går føre. Våren 2024 vart prosjektplan ferdigstilt av COWI, etter ein prosess der VTM bidrog med naudsynt grunnlagsmateriale. No ligg rapporten hjå kommunen.

Varig etablering av rådgevingsteneste for bygningsvern vart vedteke av fylkeskommunen like før jol, og er slik sikra framover. Tenesta vil ha base ved VTM, men skal arbeide ut mot heile fylket med rådgeving ovanfor private eigarar og kommunane, samt drive kurs og kompetansebygging hjå handverkarane. Dette var ein viktig milepæl som gjere at ein kan leggje meir langsiktige planar og arbeide meir systematisk for feltet.

Ein lukkast ikkje med å lyfte driftsressursane til Telemarksarkivet og privatarkivarbeidet. Felles søknad frå musea i Telemark vart ikkje prioritert av fylkeskommunen, og ein arbeider no med å få dette forankra i kulturstrategien til fylket.

Tokke og Vinje kommune har vedteke ein auke av driftstilskotet, og med intensjon om ei vidare opptrapping over fire år. Bakgrunn er museets store oppgåver. Dette er eit insitamment også til styrking av driftstilskota også våre andre tilskotsytarar.

Om besøksutvikling og berekraft sjå andre stader i rapport.

Resultatmål

Vest-Telemark Museum skal vere ein open og aktiv samfunnsaktør, og søkje samhandling der det kan styrke vårt arbeid

- vidareføre vårt samarbeid med aktørar som USN, Statkraft og Dyrsku'n
- saman med dei andre musea i Telemark arbeide for vidare utvikling av Telemarksarkivet, samlingsnettverket og andre faglege nettverk
- vidareutvikle nettverksarbeidet innan bygningsvern gjennom bygningsvernsenteret og prosjekta til vår eigen vedlikehaldsavdeling
- vere ein aktiv deltakar og samarbeidspart i regionale reiselivsprosjekt
- stimulere det frivilljuge arbeidet innan kulturarv i regionen gjennom relevante prosjekt og samarbeid

Vurdering av måloppnåing

Det etablerte samarbeidet med USN gjekk vidare med studentbesøk, hospitering og førelesingar, og Forskningsrådprosjektet Eidsborg rock i samarbeid med KHM heldt fram. Samarbeidet med Fagskolen Innlandet vidareført, med både BV1 og BV2. Elles hadde ein breie samarbeid knytt til fagseminara våre, der fleire ulike UH-miljø deltek.

Fylkeskommunen er både ein viktig samarbeidspart og premissleverandør. Enno opplever me det vert arbeidd med å få plass organisering og planar etter oppsplittinga frå Vestfold, men den yter viktige økonomiske bidrag til prosjekt og utvikling ved museet. Særskilde viktige samarbeid dette året var knytt til rådgevingstenesta for bygningsvern, Stålekleivprosjektet, DKS og Vikingvegen.

Årsmelding 2024

Samarbeidet med Dyrsku'n og Statkraft gjekk vidare etter same leist som tidlegare, særleg knytt til høvesvis utstillingar og handverksaktivitetar under sjølve Dyrsku'n og drift av visingssenteret.

Reiselivssamarbeidet gjekk vidare med særskild VisitTelemark som viktig samarbeidspart. VTM deltok særskild aktivt i utarbeidinga av regional plan for berekraftig reiseliv.

Samhandling med dei frivilljuge vart vidareført på mange plan, både gjennom venelag rundt drift og arrangement på musea, husflidslaga og gjennom prosjekt som stadnamninnsamlinga og utstillingar.

Ein vurderer målsetjingane for aktiv samhandling i høg grad som oppfylte.

Trygg ivaretaking: Vedlikehald og sikring

Resultatmål vedlikehald og sikring

Vest-Telemark Museum skal trygge og halde ved like sine samlingar, bygningar og kulturlandskap i tråd med sikrings-, vedlikehalds- og samlingsplan.

Resultatmål årleg

- Drifte og vedlikehalde fellesmagasin og samlingane på alle einingar.
 - overvake klima og skadedyr
 - føre løpande tilsyn med og oppfølging av rutiner knytt til våre bygg og anlegg
- omorganisere mellombels magasin ved Dyre Vaa-samlingane innan 2024 for å redusere risiko ved oppbevaringstilhøva for gipsskulpturane
- Utarbeide grunnlag for og førebu etablering av nytt regionalt kunstmuseum på Rauland
- Prioritere tømning av mellombels lager ved revisjon
- Årleg gjennomføre eit større oppgraderingsprosjekt på alarm og sikring i tråd med sikringsplan
- Gjennomføre vøling/vedlikehald av antikvariske bygg med mål om
 - TG 1 på 50 % av dei antikvariske bygg innan 2026
 - redusere bygg i TG 3 til 15 % innan 2026

Vurdering av eiga måloppnåing

Innan samlingsarbeidet var viktigaste oppgåve avslutting av mellombels lager og overføring til magasin. Delsamlinga vart prioritert og revidert, dokumentert og fotografert. Etterarbeid pågår, men allereie er andel ferdig publisert materiale auka monaleg.

Av vår samlingsforvaltning vurderer ein standardarden som god for det meste av materialet, bortsett frå skulptursamlingane ref. arbeidet for og omtala av nytt Rauland Kunstmuseum ovanfor.

Restaureringsprosjektet Stålekleivloftet frå 1167 gjekk dette året. Vidare undersøkingar og dateringar vart gjort, samt avklaringsprosessar rundt kva og korleis restaureringa skal bli gjort. Skader i

Årsmelding 2024

nordøstre hjørnevert vølt utan å demontere loftet. Hovudvølinga med skifte av tak og reetablering av sval er godkjend og vert gjort 2025.

Av vøling antikvariske bygg var låven på Nistog Vindlaus hovudprosjekt. Heile låven vart jekka opp, masser skifta ut, nye holdsteinar og låvebru mura opp og stokkar skift ut. I tillegg vart vølingar gjennomført på fleire andre bygg. Dei ekstra løyvingane frå departementet vart langt på veg nytta. Samla tilstandsgrad vart betra: TG1 gjekk frå 34 til 35%, medan TG3 frå 21 til 13%.

Av sikringstiltak kom nytt låsesystem på plass for Grimdalstunet og Norsk Skieventyr, i tillegg til oppfølging av alarmar og rutiner elles. Ingen tjuveri eller branntillop ved våre einingar i 2024.

Eigen vurdering ut frå resultatmåla er at ein har tatt gode steg vidare dette år.

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre tilgjengeleggjering og utvikling av relevante samlingar og bygg i tråd med samlings- og vedlikehaldsplan.

Resultatmål årleg

- prioritere vedlikehald, revisjon og registrering gjennom tydelege årlege målsettingar:
 - Utvikle boksamlinga og revidere 200 katalogpostar
 - Ordne og katalogisere 8hm arkiv
 - Registrere 700 foto
 - Registrere og revidere totalt 1500 gjenstandar
- gjennomføre ei restriktiv innsamling i tråd med gjeldande rutinar og planverk.
- styrke kompetansen innan samling, drift og vedlikehald
 - forske, dokumentere og formidle med basis i bygningsarven og samlingane
- gjera samlingane tilgjengeleg:
 - 100% av ordna arkivmateriale skal publiserast på Arkivportalen
 - Fortsette arbeidet med digitalisering til Digitalarkivet
 - Auke publiseringssgraden på registrerte gjenstandar med minst 5%
 - Auke publiseringssgraden på registrert kunst med minst 2%
 - Auke publiseringssgraden på registrerte bygg med minst 10%
 - Halde publiseringssgraden på registrerte foto stabilt kring 95%

Vurdering av eiga måloppnåing

Museet arbeider planmessig med revisjon av samlingane, forbetring av dokumentasjon og publisering i digitale fellesløysingar. Det er tidkrevjande, men gjev resultat. Bättre oversikt gjere moglege gode prioriteringar. Tal for 2024 viser at no er 40% av våre kulturhistoriske gjenstandar og 58% av dei kunsthistoriske, revidert og publisert på Digitalt Museum. Tilsvarande landssnitt (2023) er 29% for kulturhistoriske og 16% for kunsthistoriske. Ved å få dokumentert og publisert meir når VTM ut til eit større publikum, og det manifesterer seg i ei oppgang på over 22% i sidevisningar på DM.

Hausten 2024 blei det gjort ein stor innsats for å få avvikla eit større mellombels lager av gjenstandar. Tilsette frå fleire avdelingar og frivillige var involvert i arbeidet. Som resultat kan me for 2024 rapportere ei positiv utvikling når det gjeld bevaringstilhøve, der no 46% av kulturhistoriske gjenstandar vurderast som oppbevart under «sørs gode» tilhøve, 15% som «tilfredsstillande». Det er framleis utfordrande og dårlege tilhøve for delar av skulptursamlingane våre.

Årsmelding 2024

Inntak skjer i tråd med vedteken innsamlingsstrategi. I rapporterte tal for tilvekst inngår objekt som har vore lagra ved våre anlegg, men hittil ikkje registrert i PRIMUS. Før registrering er dei vurdert ut frå relevans, på linje med andre inntak. Det vart i 2024 avhenda nær dobbelt så mange objekt som rapportert tilvekst. Dette er i tråd med ynskje om ei berekraftig samlingsforvaltning.

Ein vurderer måloppnåinga som god.

Relevant formidling: Formidling

Vest-Telemark Museum skal skape opplevingar og formidling som gjev oversyn, forståing og stimulerer til kritisk refleksjon i tråd med formidlingsplan.

Resultatmål årleg:

- leggje til rette for, produsere og halde ved like utstillingane ved VTM:
 - produsere minst 4 temautstillingar ved minst 3 av VTM sine einingar
 - vedlikehalde og vidareutvikle dei permanente utstillingane ved minst 2 av VTM sine einingar
 - supplere minst 2 av VTM sine utstillingar med ulike former av digital formidling
 - leggje til rette for minst 3 utstillingar i regi av lokalstyra.
- produsere minst ei større utgjeving av typen bok, formidlingshefte, utstillingskatalog eller digital tekst
- arrangere tematiske tilstellingar ved minst fem av VTM sine einingar:
 - minst 3 større temaseminar og -samlingar
 - minst 8 føredrag, konsertar eller teaterframvisingar
 - minst 12 demonstrasjonar av tradisjonshandverk og -landbruk
 - minst 3 historiske turar, spel eller andre markeringar.
- vidareutvikle tilbodet innan DKS og/eller andre pedagogiske opplegg for born og unge ved å:
 - auke talet deltakarar med minst 5%
 - utvikle minst eitt nytt tilbod retta mot born og unge og/eller DKS.
- Utvikle formidlingstilbodet med tanke på mangfald, universell tilgjenge og inkludering ved å:
 - gjennomføre minst eitt formidlingsopplegg som inkluderer medskaping eller medverknad frå publikum
 - tilby eit introduksjonsopplegg i lokalhistorie for innvandrarar i samarbeid med vaksenopplæringa
 - vere til stades på sosiale medium.
 - Utarbeide eigen formidlingsplan for DKS innan 2024 og plan for nye målgrupper, mangfald og inkludering innan 2025.

Årsmelding 2024

Vurdering av eiga måloppnåing

Dette året gav ein samla besøksauke på 4,1 %. Faste utstillingar vart halde vedlike og tilsaman 17 nye utstillingar opna. Satsinga med handverksaktivitetar heldt fram, og tilbødet med Museumsbonden vart utvida noko. Deltakinga i dei pedagogiske opplegga gjekk ned 21 %, som er ei normalisering etter utprøving av mange nye opplegg i fjor.

Besøket på våre heimesider vart nesten tredobla dette år. Årsak til dette var i hovudsak ei marknadsføringskampanje, der sida vår var landingsside for informasjon. Med dette nådde me ut til mange nye særleg i målgruppa 20-40 år. Elles har ein stadig god vekst i følgjarar på sosiale media (24%), og ein auke på 22% i besøk i våre samlingar på DigitaltMuseum

Det vart ikkje produsert noko eiga bok dette året, men fleire prosjekt var under arbeid og vil koma i åra framover. Ny utstillingskatalog vart laga for Skieventyret, fleire andre oppdatert og trykt på nytt. Museumsappen vart utvikla vidare med intergrering av hovudutstillinga i Eidsborg som ein eigen del og ny digital løype på Åmdals Verk.

Det vart utarbeidd og vedteken ein ny formidlingsplan for barn og unge. Denne tek opp i seg DKS, nye målgrupper, mangfald og inkludering. Planen er også eit strategisk skifte og framover vil ein vektleggje handverksformidling, handlingsboren kunnskap og den immaterielle arv knytt til dette.

Samla sett vurderer me aktiviteten og måloppnåinga innan formidling som god.

Nye utstillingar 2024:

Eidsborg: LandSkapLand (om oppleving av norsk natur i historia) og Mona Stenseth kunstutstilling

Norsk Skieventyr: Sondre, Morgedal og Telemark - saga om skisportens vugge

Kviteseid Bygdetun: Anne Gro Røyland (kunstutstilling)

Dyre Vaa samlingane: Åsmund Haukelidsæther (kunstutstilling)

Skinnarlandssamlinga: Ane Svenheden og Wenche Øyen (kunstutstillingar)

Fyresdal Bygdemuseum: Red River Girl - komprimert utgåve av utstillinga om Orabel Thortvedt

Åmdals Verk Gruver: Malmvegen og Modell av kapteinsbygningen laga av Ståle Brendstuen

Øy fjell Bygdemuseum: Draktutstilling i museumsbygget. I fjøset: Liv Solberg Andersen (kunstutstilling)

Grimdalen: Randi Beck, Bendik Prestegård Vatne, Anne Kristin Hagesæther og Torleif Li (salsutstilling)

Dyrsku'n: Husflidstevlinga 2024, særutstilling, gjesteutstilling (Hall B), historisk dekketøy (Gongestogo)

Årsmelding 2024

Vest-Telemark Museum skal bidra til kunnskapsproduksjonen om vår regionale kunst- og kulturhistorie i tråd med forskingsplan.

- Setje av egne ressursar til forskingstid
- Årleg produsere og publisere minst to fagartiklar eller ein fagfellevurdert artikkel
- Innan 2025 styrke den forskingsfaglege bemanning til to med konservator NMF-kompetanse eller høgare
- Årleg deltaka i minst eit FOU-arbeid i samarbeid med forskingsinstitusjonar
- Innan 2026 gjennomføre større forskingsprosjekt med publiseringar og utstillingsformidling på historia til Eidsborgbryne
- industribygda Lårdal si vekst og fall
- kva kan me lære av Stålekleivloftet
- Prioritere oppfølging av faglege førespurnader, tilgjengeleggjere våre samlingar og stimulere til forskning
- Arrangere årlege forskingsseminar for å styrke faglege nettverk og publisering

Vurdering av eiga måloppnåing

Måloppnåinga for forskning og dokumentasjon vert ut frå våre rammer vurdert som god. Dette hadde ikkje vore mogeleg utan gode samarbeid. Dette året hadde ein eit større fagseminar om Draumkvedet, og det vart arbeidd med antologien etter Eidsborgseminaret 2023. Denne inneheld 6 fagartiklar derav 4 er fagfellevurdert. For denne utgåva tok museet sjølv redaktøransvaret, og publisering vert no i 2025.

Utviklinga av intern kompetanse går vidare ved at to tilsette er i gang med deltid masterløp innan fag og tematikk knytt til museets fagområde.

Forskringsrådsprosjektet Eidsborg rocks gjekk vidare. Stipendiaten gjennomførte dette år dei innleiande obligatoriske kurs i tillegg til planlagde prøvetakingar og datainnsamlingar. Stipendiaten er formelt tilsett ved KHM, men VTM er birttleiar og tilretteleggjar for arbeidet.

Som del av restaureringsprosjektet av Stålekleivloftet er det i gang eit omfattande dokumentasjonsarbeid, dendrokronologiske dateringar og tolkingar av verktøyspor. I prosjektet vert det også gjort ein kopi av andre høgda i loftet der ein arbeider prosessuelt og prøvar ut ulike modellar av økser, andre reiskapar samt teknikkar. Dette er del av handverksforskninga som vert gjort ved museet.

I tillegg til denne aktiviteten heldt museets tilsette kåseri, føredrag og underviste ved USN.

Arbeidet med tilgjengeleggjering av våre kjelder og samlingar er prioritert, og vert gjort nærare greie for under heilskapleg samlingsutvikling.

Årsmelding 2024

Kommentarar til rekneskap og balanse

Vest-Telemark Museum følgjer dei vilkår og krav til økonomiforvaltning, kontroll og rapportering sett av departementet. Årsrekneskap er revidert og viser eit positivt resultat på kr. 1.091.907,-, som vert lagt til eigenkapitalen. Den er no på kr.12.809.489,-. Årsresultatet utgjere 4 % av samla driftsinntekter. Ein vurderer økonomistyringa som god, og arbeider aktivt for å redusere faste kostnader og auke eigeninntekter. Dei faste offentlege driftstilskotta kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2024 58,7% 69,8% av samla inntekter mot 69,8% i 2023, 62,7% i 2022 og 72% i 2021. Av dei offentlege driftstilskotta utgjorde statleg bidrag 52 %, medan fylke og kommunar bidrog med høvesvis 26,4 og 21,7 %. I 2024 fekk VTM også eit ekstraordinært tilskot på 2 mill frå departementet til styrking av vedlikehaldsarbeidet.

Samla bruttoforteneste vart forbetra dette år. På mat gjekk bruttoforteneste frå 55,6 til 58,6%, souvenir frå 32,3 til 40,5% og for bøker frå 49 til 65%. Det vert arbeidd aktivt for å redusere matsvinn, samt berekraftig innkjøp. Varelager er om lag som tidlegare, og det er ikkje gjort noko større nedskriving av verdi.

Driftsresultatet 2024 var noko over budsjett. Årsaken til dette er samansett. Driftsinntektene er 450' over budsjett, varekost om lag som budsjett, personalkost 127' over budsjett, andre driftskostnader 411' under budsjett medan finansinntektene var 447' over budsjett. Ein vurderer økonomistyringa som god, og vår drift tilpassa dei økonomiske rammene.

Driftsinntektene viser ein større aktivitet og omfang av drifta enn nokon gong. Både salsinntekter og prosjektaktiviteten er større enn tidlegare. Overskotet i 2024 meir enn dekker inn underskotet frå 2023.

Auke renteinntekter er eit forhold som påverkar resultatet. Hovuddelen av eigenkapitalen er plassert på kontoar med gode rentevilkår, og dette gav ei ekstraordinær inntekt dette år.

Dette år vart også dei to låna som VTM hadde avslutta. Fyrst vart lånet knytt til kjøp av bygning og eigedom Norsk Skieventyr innfridd. Deretter vedtok Tokke kommune å avslutte lånet som vart teke opp i samband med utbygginga i Eidsborg. Dette var deira bidrag til finansiering av nybygget. Lånet var teke opp av VTM, men fullt ut betjent av kommunen.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til...

...likviditet

Likviditeten var tilstrekkeleg gjennom året.

...eigeninntekter

Budsjettmål for eigne salsinntekter var sett til 3980', og resultatet viser 3827'. Dette er likevel ein god auke frå 2023. Vegen mellom Dalen og Eidsborg var delvis stengd sesongen dette år, men opetidene var betre tilpassa aktiviteten på museet. Slik vart ein ikkje så skadelidande.

Budsjettmål for prosjekt var 4053', medan 3577' vart inntektsført. I høve til 2023 fekk ein gjennomført langt meir av det planlagde, men ikkje nok kapasitet gjorde at fleire prosjekt går vidare i dette rekneskapsår. Sal av tenester vart godt over budsjettmål på 770', med 1086' som resultat.

Årsmelding 2024

...løn og pensjon

Personalkostnadane utgjorde 59,7 % av samla resultat, mot 64,1% og 59,6 % dei to føregåande år. Sjølv om oppgåvene er store og mange, opplever ein ikkje å ha heimel til auka bemanning utan at rammene aukar.

Pensjonskostnadane var noko lågare att dette år på grunn av høgare uttak frå premiefond. Pensjonskostnadar var på 1835' eller 11,3% av samla lønskostnadar mot 13,1% i 2023. VTM er i gruppa små føretak og kostnadsfører/balansefører ikkje framtidige pensjonsplikter.

...eigenkapital

Eigenkapitalen utgjorde ved årets slutt kr.13.021' mot kr.11.996' i 2023. Eigenkapitalen er med dette 48 % av samla driftsramme. Styret ser framleis rom for å vedtaka finansiering av ferdig prosjekterte tiltak frå eigenkapitalen, sjølv om dei ikkje ligg inne i gjeldande driftsplan/budsjett.

...andre sentrale problemstillingar

Det er eit opplevd sprik mellom dei ressursar ein har til rådvelde og dei oppgåver ein skal løyse. Det vart difor for 2025 søkt om auka driftsstøtte frå kommunane Vinje og Tokke. Begge har vist forståing for situasjonen og har vedteke intensjon om opptrapping av driftstilskota over dei neste fire år. Ein vonar dette også kan utløyse ei opptrapping frå våre andre vertskommunar, fylke og stat.

...tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Planverk, internkontrollsystem og årshjul vart revidert og oppgradert på starten av året.

Forsikringsportefølje vart gjennomgått, risikovurdering nedjustert på ei rekkje objekt. Slik gjorde ein innsparingar i premie på ca. 70'.

Elles vart dei eksisterande systemverktøy vidareført og utvikla.

Vurdering av museets arbeid med klima og miljø

Vest-Telemark Museum vart resertifisert som Miljøfyrtårn i 2024, og arbeider planmessig med å redusere vårt klimaavtrykk. Tiltaka omfattar heile organisasjonen. Det samla klimaavtrykket gjekk likevel opp som følgje av større aktivitet.

I 2024 vart det vedteken ein regional plan for berekraftig reiseliv, ein plan som museet har vore ein sentral medspelar i å utforme.



Årsmelding 2024

Andre krav og føresetnader for statstilskotet (publikumsutvikling, universell utforming mm)

Dei tilsette og styret er gjort kjend med dei krav og føresetnader som følgde tilsegnsbrevet for 2024. Ein viser til tidlegare rapporteringar for arbeidet for immateriell kulturarv, mangfald, likestilling, universell utforming med meir. For rapporteringsåret gjeld mykje det same som er meld inn tidlegare.

Gjeldande publikumsutvikling er det ikkje gjennomført eiga undersøking dette år. Me opplever likevel me kjenner godt til vårt publikum, og har ein tett dialog med lokale eigarstyre, venelag, turoperatørar, skular mm. Evalueringsrutiner er på plass knytt til pedagogiske tilbod/DKS.


Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Vedlikehald - erklæring frå styret

Styret er takksam for eingongstilskotet på 2 mill som ein fekk for 2024. Det er lenge påpeika det særskilde behovet for styrking av vedlikehaldet, særskild av den omfattande antikvariske bygningsmassa. Det er likevel behov for ei varig driftsmessig lyft på dette feltet, og ein viser til budsjettøknaden for 2026.


Styret erklærer at vedlikehald er prioritert, og det vert gjort godt og viktig arbeid innan dei rammer ein har. Men det vil vere naudsynt med ei vidare ressursmessig styrking om ikkje viktig bygningsarv skal gå tapt.

Eidsborg 26.02.2025




Lars Bjaadal


Dag Rorgemoen, direktør



Johannes Skarprud



Arne Vinje



Eivind Selthaug




Årsmelding 2024

Elin Seltveit

Inger Synnøve Fles Lie

Inger Synnøve Fles Lie



Trond Arild Pedersen





Resultatregnskap

	Note	2024	2023
DRIFTSINNTEKTER			
Tilskot	7	21 713 055	17 302 957
Anna driftsinntekt		5 392 469	4 478 859
Sum driftsinntekter		<u>27 105 524</u>	<u>21 781 816</u>
DRIFTSKOSTNADER			
Varekostnad		1 143 474	1 032 824
Lønskostnad	2	16 181 620	13 966 598
Avskr. varige dr.midlar	3	401 228	243 020
Annan driftskostnad		8 679 371	7 165 630
Sum driftskostnader		<u>26 405 692</u>	<u>22 408 072</u>
DRIFTSRESULTAT		<u>699 832</u>	<u>-626 256</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER:			
Renteinntekt		533 213	319 146
Anna finansinntekt		0	528
Rentekostnad		140 325	236 991
Annan finanskostnad		813	913
Resultat av finanspostar		<u>392 075</u>	<u>81 770</u>
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		<u>1 091 907</u>	<u>-544 486</u>
Ordinært resultat		<u>1 091 907</u>	<u>-544 486</u>
EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER			
ÅRSRESULTAT		<u>1 091 907</u>	<u>-544 486</u>
OVERFØRINGAR			
Overført annan eigenkapital	6	1 091 907	-544 486
Sum overføringer		<u>1 091 907</u>	<u>-544 486</u>



Balanse


	Note	2024	2023
EIGEDLAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	3 383 860	7 408 621
Driftslausøre, inventar, verktøy, kontormask. ol.	3	1 181 475	822 925
Sum varige driftsmidler		4 565 335	8 231 547
Investeringar i aksjar og andelar	3	5 002	5 002
Andre langsiktige fordringar		232 107	204 087
Sum finansielle anleggsmidler		237 109	209 089
Sum anleggsmidler		4 802 444	8 440 636
OMLØPSMIDLAR			
Varer		722 567	780 071
Sum varer		722 567	780 071
Kundefordringar		440 717	326 043
Andre fordringar		1 296 320	1 206 117
Sum fordringar		1 737 037	1 532 160
Bankinnskot, kontantar og liknande		12 247 377	11 020 039
Sum omløpsmidlar		14 706 980	13 332 270
SUM EIGEDLAR		19 509 425	21 772 906





Balance


	Note	2024	2023
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Selskapskapital	5,6	212 000	212 000
Sum innskoten egenkapital		212 000	212 000
Annan egenkapital	6	12 809 489	11 783 737
Sum opptent egenkapital		12 809 489	11 783 737
Sum egenkapital	6	13 021 489	11 995 737
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar	4	0	4 200 000
Sum anna langsiktig gjeld		0	4 200 000
Leverandørgjeld		1 055 031	930 200
Skuldige offentlege avgifter		819 232	753 804
Anna kortsiktig gjeld		4 613 673	3 893 165
Sum kortsiktig gjeld		6 487 936	5 577 169
Sum gjeld		6 487 936	9 777 169
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		19 509 425	21 772 906


Eidsborg, 26.02.2025
Styret for Stiftinga Vest-Telemark Museum



Lars Bjørndal
Styreleiar



Elin Seltveit
Styremedlem


Arne Vinje
Styremedlem


Johannes Skarprud
Styremedlem


Inger Synnøve Fles Lie
Styremedlem


Trond Arild Pedersen
Styremedlem


Dag Rørgemoen
Dagleg leiar

Stiftinga Vest-Telemark Museum



STIFTINGA VEST - TELEMARKE MUSEUM

Org. Nr. 985 231 931

NOTER TIL ÅRSREKNESKAPET FOR 2024

Note 1 - Regnskapsprinsipp

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Selskapet har ikkje foretekte endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

Klassifisering

Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel. Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vera forbigåande.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

Finansielle anleggsmidlar

Finansielle anleggsmidlar vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

Fordringar

Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

Varelager

Eigentilverka varer vert ført opp til variabel tilvirkningskost. Råvarer og innkjøpte varer for vidareasal, vert ført opp til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Finansielle omløpsmidlar

Ved tilordning av anskaffelseskost er nytta FIFO - metoden. Ved verdsetjing er nytta lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Gjeld

Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.



Note 2 - Lønnskostnader

Lønnskostnaden for to siste år består av følgende.

	2024	2023
Lønninger	12 420 408	10 591 446
Arbeidsgjevaravgift	1 478 107	1 386 293
Pensjonskostnader	1 834 646	1 830 541
Andre lønnskostnader	212 045	158 318
Innleigd arbeidskraft	236 414	0
Sum lønnskostnader	16 181 620	13 966 598
Gjennomsnittleg antall årsverk	16	14

Pensjon

Framtidige pensjonsforpliktelsar og premiefond er ikkje ført opp i balansen, dette er i samsvar med rekneskapsreglane for små foretak. I 2024 er det brukt kr 232 870 av premiefond i KLP til innbetaling av pensjonskostnad.

Note 3 - Varige driftsmidlar

	Maskin/ inventar	Bygg Eidsborg	Inventar/ utstilling Eidsborg	Kanal- parken	Bygg NSE	Bygg Øyfjell	Tomt Eidsborg
Anskaffelseskost 01.01.	1 830 801	57 508 806	6 443 643	5 943 579	1 846 548	2 624 495	71 485
Årets tilgang	-	-	-	-	-	-	-
Årets avgang til anskaffelseskost	-	-	-	-	-	-	-
Anskaffelseskost 31.12.	1 830 801	57 508 806	6 443 643	5 943 579	1 846 548	2 624 495	71 485
Akkumulerte av-/nedskr. 31.12.	1 675 626	295 068	-	972 579	492 048	-	-
Motatt tilskott	-	55 776 638	5 999 966	4 971 000	-	2 624 495	-
Bokført verdi pr 31.12.	155 175	1 437 100	443 677	-	1 354 500	-	71 485
Årets avskrivning	111 950	69 300	-	-	36 900	-	-
Årets nedskrivningar							
Årets avskrivning i %	20 %	4 %		14 %	2 %		
Økonomisk levetid	5 år			7 år	50 år		
Avskrivingsplan	Linær	Linær	Linær	Linær	Linær		

	Vass- drags modell	Lade- stasjon	Lysanlegg Eidsborg	Brannvarsl. anlegg Øyfjell	Kino Morgedal	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	1 163 647	218 011	2 138 353	113 716	-	79 903 084
Årets tilgang	-	-	418 158	-	216 859	635 017
Årets avgang til anskaffelseskost	-	-	-	-	-	-
Anskaffelseskost 31.12.	1 163 647	218 011	2 556 511	113 716	216 859	80 538 101
Akkumulerte av-/nedskr. 31.12.		38 053	147 211	8 576	24 359	3 653 520
Motatt tilskott	1 163 647	140 000	1 575 500	68 000	-	72 319 246
Bokført verdi pr 31.12.	-	39 958	833 800	37 140	192 500	4 565 335
Årets avskrivning	-	11 701	140 158	6 860	24 359	401 228
Årets nedskrivningar						
Årets avskrivning i %		15 %	15 %	15 %	15 %	
Økonomisk levetid		7 år	7 år	7 år	7 år	
Avskrivingsplan						



Aksjar/ lutkapital

Finansielle anleggsmidler

	Antal	Kostpris	Bokført	Eigarandel i %
Norsk Skieventyr AS	50	0	1	5,00 %
VisitTelemark AS	5	0	1	
Stiftinga Norsk Landstadsenter		5 000	5 000	5,00 %

Note 4 - Langsiktig gjeld/ pantsetjingar og garantiar

Gjeld som forfell til betaling meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt 2024
Gjeld til kredittinstitusjonar 0

Pantsetjing og liknande	Gjeld sikra ved pant	Sikkerheit	Bokført verdi
Gjeld til kredittinstitusjonar	-		
Kassakreditt	-		
Sum	-		-

Limit kassakreditt er kr. 0.

Det var 2 lån i stiftinga. Eit lån på opprinneleg kr. 660.000 for å dekke kjøp av lokaler i Morgedal. Lånet er nedbetalt i 2024. Det andre lånet var på kr. 4.800.000. Dette stod i stiftinga Vest Telemark Museum sitt navn, men vart fullt betjent av Tokke Kommune. Dette var Tokke Kommune sitt bidrag til utbygginga i Eidsborg. Lånet er nedbetalt av Tokke kommune i 2024.

Note 5 - Innbetalt selskapskapital

Fylgjande har innbetalt selskapskapital

Namn	Innskott kapital
Vest - Telemark Museum, Eidsborg	201 000
Anne Grimdals Minne	1 000
Åmdals Verk Gruver	1 000
Fyresdal Bygdemuseum	1 000
Kviteseid Bygdetun	1 000
Norsk Skieventyr	1 000
Øyfjell Bygdemuseum	1 000
Dyre Vaa Samlingane	1 000
Skinnarlandsamlinga	1 000
Vinje Biletgalleri	1 000
Myllarheimen	1 000
Vinjestoga	1 000
Totalt innbetalt selskapskapital	212 000



Note 6 - Egenkapital

Stiftelsen opptjente egenkapital er splittet i annen egenkapital og fond for samlinger.

	Grunnkap.	Fond for samlinger	Anna EK	Sum egenkap
Pr. 31.12.2023	212 000	89 642	11 694 095	11 995 737
Årets resultat		-66 155	1 091 907	1 025 752
Egenkapital pr 31.12.2024	212 000	23 487	12 786 002	13 021 489

Årets sal av gjenstander er tillagt fond for samlinger.

Fond for samlinger kan kun nyttast til innkjøp av nye objekter til samlingane.
Oppset nedanfor viser bruk/ tilgang på fondet for 2024.

Fond for samlinger	
Per 31.12.2023	89 642
Tillagt fondet i året	3 000
Årets bruk	69 155
Per 31.12.2024	23 487

Note 7 - Offentlege driftstilskot

Namn	Tilskot	Tilskot
Det kongelige kulturdepartement	Driftstilskot	10 270 000
Vestfold og Telemark fylkeskommune	Driftstilskot	4 192 033
Tokke kommune	Driftstilskot	1 427 413
Fyresdal kommune	Driftstilskot	170 633
Kviteseid kommune	Driftstilskot	575 878
Vinje kommune	Driftstilskot	1 141 361
Seljord kommune	Driftstilskot	130 451
Sum		17 907 769



Revisorteam Tinn og Vest-Telemark AS

Statsautoriserte revisorer
Statsautoriserte regnskapsførere

Melding frå uavhengig revisor

Til styret i Stiftinga Vest-Telemark Museum

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Vest-Telemark Museum som viser eit overskot på kr 1 091 907. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjonen.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapet. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapet overfor dekkjer ikkje øvrig informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapet, eller om øvrig informasjon står fram som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon står fram som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

GODKJENT REVISJONS- OG REGNSKAPSELSELSKAP, MEDLEM AV DEN NORSKE REVISORFORENING.

Vinje: Åmotvegen 8, 3890 Vinje Tlf.: 35 06 27 00
Seljord: Brøløvsvegen 47, 3840 Seljord Tlf.: 35 06 27 10
Rjukan: Sam Eydes gt. 120, 3660 Rjukan Tlf.: 35 06 27 15

Org.nr.: 968 407 880
www.revisorteam.no



Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til fortsatt drift og opplyse om tilhøve av betydning for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjonen. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingar er utført i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for elles.

Seljord, 26. februar 2025

Revisorteam Tinn og Vest-Telemark AS

Kristine Midtbø Mo
Statsautorisert revisor